

Kva gjer insekta om vinteren?

Nokre sov på loftet, mens andre slappar av under lauv eller stein. Det at vi ikkje ser dei, betyr ikkje at dei ikkje er her. Insekta har berre gått i dvale for vinteren.

AV TRINE-LISE GJESDAL | PUBLISERT 21. NOV. 2016 | OPPDATERT 30. JAN. 2020

En blomsterflue sitter og tar til seg pollen fra en blomst.

Dei vaksne blomsterflugene er dei som reiser til Syden. Foto: Nina Trandem/NIBIO

Dei kan vere ganske irriterande når det er varmt i lufta. Då surrar og kravlar dei rundt oss heile tida. Derfor er det ikkje så rart om ein lurer på kvar insekta har teke vegen når kulda set inn. For plutselig innser vi at dei er borte. Eller er dei eigentleg det? Nei, dei har nok heller funne seg ein lun og trygg stad å vere, forsikrar Nina Svae Johansen ved Norsk institutt for bioøkonomi. Nina er ekspert på insekt og har fortalt oss kvar insekta gøymer seg om vinteren.
[faktaboks medium hoyre]

Under ei dyne av snø

Vinteren er nemleg ei tøff tid om ein er eit lite insekt. Det finst ikkje noko mat. I tillegg er det kaldt og guffent. Og då er det kanskje like godt å gå i hi, slik som bjørnen.

Marihøna er eitt av insekta som overvintrar der det ikkje er så kaldt – for eksempel i holer under bakken. Når snøen legg seg på bakken, fungerer han som ei vernande dyne for insektet. Men marihøna kan også overvintrie på bakken, under steinar og under lauv. Ho kan dessutan finne gøymestader i sprekkar i stubbar og tre.

En marihøne sitter på et blad og spiser bladlus.

Marihøna blir i Noreg om vinteren. Ho er veldig glad i bladlus. Foto: Erling Fløistad/NIBIO

Heng på vegger

Det finst også insekt som står, eller heng, og sov på husvegger, trestammar og gjerde. Det gjer puppa til kålsommarfuglen – sommarfuglen som er så glad i å ete kål. Den vesle alperosemjøllusa, derimot, lever heile livet sitt i rododendronbuskar. Ho overvintrar til og med i busken, på undersida av blada.

En Alperosemjøllussa på undersiden av et blad fullt av egg og larver fra marihøner.

Den vesle alperosemjøllussa lever heile livet sitt i rhododendronbuskar. Ho overvintrar på undersida av blada. Foto: Erling Fløistad/NIBIO

Dreg til Syden

Det finst også insekt som er litt som oss menneske når det blir for kaldt ute. Slik som dobbeltbanda blomsterfluge, som er blant dei aller vanlegaste blomsterflugeartane vi har i Noreg. Den flyg av stad til Syden når det blir for kaldt.

Vêret styrer kroppen

Insekta er vekselvarme. Det betyr at omgivnadene styrer kroppstemperaturen deira. For at dei skal kunne ete og

bevege seg, må kroppane deira ha ein viss temperatur. Dessutan toler ikkje cellene deira å fryse til is. Insekt som bur i kalde land, går derfor inn i ein slags dvaletilstand om hausten, før det blir for kaldt. Vanlegvis har insekta celler på kroppen som fortel dei at dagane blir kortare og kaldare, slik at dei kan førebu seg på dvalen. Ein vanleg strategi er å produsere ei form for frostvæske i cellene, slik at cellene ikkje frys. Då kan dei tolle temperaturar heilt ned til minus 25–30 grader.

En grønn puppe.

Puppa til kålsommarfuglen overvintrer i Noreg. Foto Erling Fløistad/NIBIO.

Trur sommaren er på veg

Nokre insekt frys i hel og dør fordi dei ikkje har fått førebudd seg på vinteren, eller fordi vinteren blir for kald. Om det plutselig blir mildvêr utpå vinteren, kan insekta også bli lurt til å tru at våren og sommaren er på veg, utan at det stemmer. Då vil omgivnadene styre kroppstemperaturen deira og førebu dei på sol og varme. Når dei så kjem fram frå skjulestaden sin for å strekkje på venger og bein, kan det vere for seint. Det er ikkje sommar likevel! For når kulden set inn igjen, dør insekta.

KLODEN VÅR | VÆR | LIVET PÅ JORDA | INSEKTER OG EDDERKOPPER

Meldinger ved utskriftstidspunkt 26. april 2025, kl. 03.18 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.